

Handsaming i Formannskap - 18.01.2017

Samrøystes som forslag nr 2, 3, 4 og 5

Framlegg til svar nr 1:

1. Korleis kan ei eventuell endra disponibel ramme brukas til å justere den lokale potten?

Svar:

Auke potten ut over dei 0,9% som er avtalt

Samrøystes

Vedtak i Formannskap - 18.01.2017

1. Korleis kan ei eventuell endra disponibel ramme brukas til å justere den lokale potten?

Svar:

Auke potten ut over dei 0,9% som er avtalt

2. Ser kommunen behov for endringar i Hovudavtala? I så fall – kva for endringar?

Svar:

Vi meiner at reglane i HA er tilstrekkelege, dei er eit godt grunnlag for det samarbeidet som må skje lokalt.

3. Ser kommunen behov for særskilte endringar i særavtalene som har utløp i 2017? I så fall – kva for endringar?

Svar:

SFS2213 bør reforhandlast. Store endringar i skulen stiller meir omfattande krav til pedagogane nå enn tidlegare. For å møte desse krava er ein avhengig av tid til å samarbeide både om prosessar og utvikling, dagens arbeidstidsavtale er til hinder for eit slikt samarbeid. Utgangspunktet bør vere spelereglane i arbeidslivet elles, at dei tilsette vesentleg skal bruke arbeidstida på arbeidsplassen.

4. Kva kan bidra til at fleire personar, som i dag står utanfor arbeidslivet, blir tilsett i ordinære stillingar i kommunen ?

Svar:

Sjå svar på spørsmål 5

5. Korleis kan NAV gje kommunen som arbeidsgjevar god og hensiktsmessig bistand, slik at fleire kjem i jobb?

Svar:

Auka tiltak (både praktisk og økonomisk) til arbeidspraksis og arbeidstrening. Meir praktisk bistand til arbeidsgjevar og styrka økonomiske verkemiddel, dette for å stimulere til arbeidsgjevar. Arbeidsgjevar opplever det ofte som eit for tidkrevjande meirarbeid å leie, organisere og lære opp personar som skal i arbeidspraksis / arbeidstrening.